

Norsk- nynorsk

Prinsessa på erta

- ei forteljing frå Danmark





Det var ein gong ein prins. Han ville ha seg ei prinsesse, men det skulle vere ei skikkeleg prinsesse. Difor reiste han heile verda rundt for å leite, men alle stader var det noko i vegen.



Prinsesser var det nok av, men om dei var skikkelege prinsesser kunne han ikkje finne ut av, alltid var det noko som ikkje var heilt rett.

Difor kom han heim att og var lei seg, for han ville så gjerne ha ei ekte prinsesse.



Ein dag det var veldig dårleg vêr med lyn, torden og masse regn, banka det på porten til byen. Den gamle kongen gjekk for å lukke opp. Det var ei prinsesse som sto utanfor.




Men ho såg ikkje ut som ei prinsesse. Ho var blaut og møkkete av alt regnet, og det rann vatn nedover kleda og ut av skorne.



«Ja, det skal vi nok få vite!» tenkte den gamle dronninga. Dronninga sa ikkje noko, men gjekk inn på soverommet og la ei ert på botnen av senga. Etterpå tok ho tjue madrassar og tjue dyner og la dei oppå erta. Der skulle prinsessa liggje om natta.



ZZzzzz



Om morgonen spurde dronninga og kongen henne om korleis ho hadde sove. «Å, rett og slett forferdeleg!» sa prinsessa, «Eg har nesten ikkje fått lukka auga mine i heile natt! Det kjentest som det var noko i senga. Eg låg på noko hardt, så eg er gul og blå over heile kroppen! Det er ganske forferdeleg!» Så kunne dei sjå at det var ei skikkeleg prinsesse, då ho gjennom dei tjue madrassane og dei tjue dynene hadde kjent erta.





Så kjenslevar var det berre ei ekte prinsesse som kunne vere.

Prinsen tok henne til kone, for no visste han at han hadde funne ei skikkeleg prinsesse.



Og erta kom på utstilling, der ho framleis er å sjå om ingen har tatt henne.

Snipp snapp snute, eventyret er ute.



Finn fleire forteljingar p  morsmal.oslomet.no

Forteljinga er laga med figurar og teikningar fr  Aursmoen barnehage